



Reidun Horvei leia ein imponerende konsert

**Høgdepunkta står i kø i år nummer 100 for Uskedalskyrkja**  
**Konserten i ettermiddag som var ein kavalkade av**  
**folketonar vart eit nytt høgdepunkt med frammøte av 27 syngande**  
**elevar og ein kyrkjelyd på 150. Konserten hadde svært**  
**høg standard og overskrifta var heilt rett:**  
**JUBELSANG MED HIMMELSK KLANG!**



- og 27 elever bidro sterkt til den store musikkopplevinga

Elevane imponerte nesten mest, men det var også ein genistrek å engasjera fylkeskvedar Reidun Horvei som prosjektleiar og fylkesmusikleiar Øyvind Lyslo som arrangør ved sidan av vår eigen svært dyktige organist Eva G. Megyesi. Det er nesten utruleg kva ein får til ved kulturelt samspel!

Samspelet omfatta forresten også kyrkjelyden med allsong av Kyrkja den er eit gammalt hus, I himmelen og den irske folkesongen Deg å få skoda. Det var også eit irsk bidrag til - folketonen Danny Boy som vel må kallast ein verdsslagar og som denne gongen vart tolka fint og vart på gitaren av Lyslo.

Programmet opna imidlertid med ein folketone frå Østerdalen, held fram med brueslått frå Nordmøre og ei heilagvise frå Hardanger og Sunnmøre.

3 folketonar frå vår eigen kommune stod også på programmet, men aller mest rørde det oss då Den fyrste songen vart framført berre på gitar. I ei folketone frå Bømlø imponerte elevane mest.

**DU VERDEN SÅ MANGE FLOTTE UNGE RØYSTER  
DET ER HER I BYGDA!**



Rektor Lilli Britt Urheim formidla ein takk alle følte

Organist Eva imponerar også meir for kvar konsert, denne gongen mest med variasjonar over ein folketone av Johan Kvandal.

Reidun Horvei imponerte ikkje berre med si mektige røyst, ho formidla også kunnskap som ellers kan gå i gløymeboka.

Vår nye rektor Lilli Britt Urheim formidla den takksemnd som alle følte over denne store opplevinga.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen



[Øyvind Lyslo og Eva G.Megyesi vart sterkt hylla etter konserten](#)